

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bodin

Emne: Gamal mykultúr

Bygdelag: Straumen

Oppskr. av: Lars Bernh. Kvalnes

Gard: Fjell

(adresse): Overlandet

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Hei. Selvis.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kristoffer Blix, Fjell, Valnes: Bodin, 75 år

SVAR

1. Ja. - Ekker, ei, ekkra. Det var ein åker som var atlagd. - Ein tala om fjukking og småeng. - Ein sa utslått!

2. Kvist og lauv måtte rydjaast bort slik at det vart så godt å stå som råd. Det var om våren ein hadde denne rydjinga for seg. Ein kalla arbeidet å rensk eng. - Ein samla gjerne kvistdingane saman og køypte dei heim til brensel i vedhuset t. d. Eller ein kaka dei til sides og let dei rotne. -

Stein kunne ein taka opp og leggja saman i dvingar, og der kunne dei bli liggjande.

3. I gamle dagar var det ikkje stort å gjera med mosevaksen eng. Ei så graspa vart fyrst vanleg for ca. 40 år sidan.

4. Grøfting har vore vanleg i dei siste 50-60 åra. Det har aldri vore brukt med vatring.

2
5. Ein kunne gjødsle eng med vin-
tergjødsel. Då dei brukte grindar,
vart engja gjødsle godt nok, og
året etter ho dei. Det var kringjødsel
dei nytta til enggjødsel. Det var
ikkje vanleg å rekna ei viss mengd
lass for kvart engstykke.

6. Nei.

7. Nei.

8. I den eldste tida gjødsle ein
engja om våren. Ein køyde
møkk ut i vogn. Nyttå greip når
ein hadde gjødsle på vognen og
når ein spreidde den på engja.
Når gjødsle skulle smuttedrast
på engja, nytta dei ei risdroge.
Det var nokre kvistrike bjør-
keskat som dei la ved sida
av kvarandre. Skata batt dei
saman med saltvrid eller
snøre. Denne droa drog då
hesten fram og tilbake over
gjødslet til den var finsmutt.
Ein kunne og bruke kjetting
som ein la i like lange bukter
såleis: ~~////~~ Bukkene vart feste til
kvarandre med streng. Hesten
drog så denne kjettingdroga fram
og attende over gjødslet. - For å
få risdroga tung nok, feste
dei nokre fjøler ell. l. hør over
droga. På desse la dei nokre steinar.

2961

9. Ja. Den viktigaste grunnen var skott på fos til inneføring. Om høsten slaps dei tuestyra på innmarka når det vart lite for i høstingen.

10. I sine avsideliggjande bygder er det framleis beiting på innmarka høst og vår. På dei fleste stader tek dei krotten på innmarka kring mikkelmessstida.

11. Om våren når ein reinska eng, kasta sto ein gjødselkalle ne utover med ei rive.

12. Då dei for ca 50 år sidan, byrja gjerde mellom inn og utmark, tok dei til med å setja opp sūmarfjøs. For den tid overmatta kyrne i grinder (fjå

13). Sūmarfjøs gjødsel vart ikkje nytta i utsættar men på engene. Kvar gard hadde berre ein sūmarfjøs. Sūmarfjøs gjødsel vart kjøpt utover marka både høst og vår.

13. Dei vart itungde inne i ei innhegning. Ikkje fleire slike innhegningar. Dei kalla slike for gringar. Grindane vart flette kvar dag.

14. Grindane vart laga av bord. Det var fem bord i kvar grind. Og ei slik innhegning kunne

1385

4
vera av ialt si grindar. Ein
sa at ein sette gringnan opp,
flötta gringnan.

Grindane vart
brüka så engene. Gjødsla vart
slegen utover og sundra
når grindane vart flytta.

Dei nytta då eit reiskap som
dei kalla gringyboka. Det var
ein stakk med ein bögg i enden.

Grindane er for lengst ute av
brük. Dei korn balt då dei tok
til med gjerding (for ex. 50 år
sitan.)

15. Akjend.